



Kåre Romarheim
Kåre Romarheim
Leknesvegen 163
5915 Hjelmås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4705 - 15/726

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
14.01.2015

Dokument tilsyn - gbnr 196/165 Midtgård - nybygg bustad, garasje, avkjørsle

Vi viser til søknaden dykkar søknad om ferdigattest av 13.10.2014. Det vert også vist til vårt mangelbrev av 19.11.2014, seinare telefonsamtale med ansvarleg søkjar og dykkar skriv av 23.12.2014.

I telefonsamtalen opplyser ansvarleg søkjar at:

- Det ikkje er utarbeidd avfallsplan
- Avfallet har ikkje blitt sortert på byggeplassen
- Tiltakshavar har fått ansvar for å frakte bort og sortere avfallet på gjenbruksstasjonen
- Det er ikkje innhenta kvittering fra mottak

I dykkar skriv av 23.12.2014 skriv ansvarlegs søkjar at:

«Vedrørende avvik i forhold til avfallsplan så er dette gjort i den tru at det ville bli akseptert. Vi opplever at det å levere alt bygningsavfallet sortert på NGIR sine gjenbruksstasjoner gir en betre sorteringsgrad en det en klarer ved normal sortering på byggeplass. Dette er i tillegg en ordning som det blir gitt aksept for av NGIR. Dette er også akseptert av Lindås kommune som tilfredsstillende i sak gbnr 137/728 Alver - Bustad og garasje.»

Vi ber om at kopi av følgjande dokumentasjon frå føretaket NIABAS med org. Nr. 995671891 vert sendt inn (avfallshåndtering og sluttdokumentasjon):

- Samsvarserklæringer frå PRO og UTF
- ~~Avfallsplan~~
- Avviksjournal
- FDV-dokumentasjon med kvittering på at denne er overlevert eigar
- Rutiner og sjekklister knytt til avfallshåndtering og sluttdokumentasjon for funksjonane SØK, PRO og UTF.



- Rutiner og sjekklister for søknad om ferdigattest for funksjonen SØK

Dette vert å rekne som dokumenttilsyn i byggesak, tilsynet er heimla i pbl kap 25. Vi gjer merksam på tiltakshavars si opplysningsplikt jf. SAK10 § 1-3.

Frist for å levere etterspurd dokumentasjon vert sett til 2 veker (28.01.2015).

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.